



Eikelandet-prosjektet sett frå baksida

**Målet til eigar og utbyggjar Kjell Lyder Risnes i Sagvåg Invest på Stord er sal av to av dei åtte bustadane på Eikelandet før jul. Byggjinga vil då starta tildeg på nyåret.**

**Han vil også opparbeida heile uteområdet før turen kjem til dei seks neste. Prosjektet vil bli lagt ut på nettet like før eller like etter jul.**





Eikelandet-prosjektet sett frå framsida

- Dette prosjektet er veldig spanande og unikt, var konklusjonen hans då han orienterte under møtet om bustadprosjekt i Uskedalen i Dialogforumet i Gamleskulen måndag kveld.



Kjell Lydedr Risnes presenterer prosjektet sitt i Gamleskulen måndag.  
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Møteleiar Kristian Bringedal peika på at det var ein viss sjokk-effekt over funkis-stilen då prosjektet vart lansert, men at det no har "gått seg til". Risnes slo fast at det ikkje er lett å få løyve til å byggja i strandkanten på denne måten..Fetteren hans, Vidar Risnes, skal veraa byggjeleiar for husa som får høg standard og vil kosta tett på tre millionar. Buarealet er 105 kvadratmeter i tre høgder.

Sjølve husa blir i tre høgder og til forskjell frå prosjektet til den opprinnelege eigar er terrassane på toppen vendt mot sjøen. I uteområdet vil det bli lagt mykje arbeid for at det skal bli triveleg og det vil bli lagt til rette for flytebrygger. Frå stova kan ein gå rett ut i båten.

Det var våren 2007 Sagvåg Invest overtok dette prosjektet, som Risnes meiner er fantastisk.

– Vi slo til med ein gong og det har allereie vore rift om husa, både frå nokre uskedelinger men også frå to-tre frå Stord, fortalde Risnes. Men den mest spanande marknaden er Bergen.

- Prosjektet er spesielt samanlikna med det vanlege. Dette blir som å bo i ei hytte heile året, sa Risnes. Han opplyste at det ikkje er planlagt nokre spesielle tiltak for å skjerma mot støy frå vegen.

Dei andre prosjekta som det vart orientert om på møtet var desse:

- Byggjefeltet til Ivar Gundersen i Halsabrotet. Prosjektkonsult har laga ein reguleringsplan og planen er å selgja åtte-ni tomter slik at folk kan byggja etter eige ynskje. Det har vore interesse for prosjektet både frå bygdefolk og utanfrå, men det vil ta noko tid før det blir klart..
- Ospelunden byggjefelt med 60 tomter står framleis i stampe etter at det er satsa 200.000 på regulering. Grunneigar Kjell Yri sa at ein forgjeves har venta på nokre rikingar som kunne leggja infrastruktur. Men i første omgang har ein ynskje om at det blir bygt hus på to-tre tomter nær Oddbjørn Kroka. Det har vore mange interessantar, men ingen har slege til. Dei fleste vil ha tomter høgt oppe i feltet, men før ein kjem så langt krevst det store investeringar. Men også lenger nede er det flotte tomter med ein fantastisk utsikt.
- Magne Huglen har planar om byggjing av fire bueiningar med livsløpsstandard på den gamle helselagstomta. Prisen skal liggja mellom halvannen og to millionar kroner og Huglen planlegg ikkje innreiing av 2. etasje i første omgang. Han skal behalda ein av leilegheitene sjølv. Her er det tilrettelagd med vatn og kloakk.
- Hans Reidar Kjærland har framleis fem av ni tomter ledige i det same området der også alt er tilrettelagd.. Under møtet måndag spådde han at det snart blir kjøpers marknad og dermed reduserte prisar.
- Morten Harsvik, som har kjøpt eigedomen til Oddvar Myklebust (Hagesenteret og området opp mot riksvegen), satsar no på åtte leilegheiter i huset som allereie står på staden og åtte småleilegheiter oppå den gamle eller eventuelt ein ny grunnmur. Dei blir på 70 kvadratmeter og kan egne seg for yngre folk. På området opp mot vegen kan det bli bygt tre bygningskroppar og her kan det bli bustader for eldre. Men Harsvik har store prosjekt i Stavanger og Bergen og seier at han "slit med tid og kapasitet". Han har fått spørsmål frå ein gruppering om sal av Uskedalen-prosjektet og utelukkar ikkje at det vil skje.

Av Ola Matti Mathisen





Morten Harsvik orienterer om sitt prosjekt. Til venstre møteiar Kristian Bringedal. (Foto: Ola Matti Mathisen)